

Moglegheiter for alle

Austrheim Høgre

Valprogram

2023–2027

Foto: Knut Torkilsen Horvei

Kjære veljar,

Austrheim skal være ein attraktiv, god og trygg kommune å bu igjennom heile livet. Derfor må vi tilrettelegge for auka tilflytting.

Dersom eg blir ordførar, vil eg jobbe for:

- Gode skular og opplæringscenter som kan tilby kompetanseheving for både gammal og ung.
- Ein god og verdig eldreomsorg.
- Eit betre aktivitetstilbod for alle aldersgrupper.
- Betre og tryggare vegar.
- Fleire ferjeavgangar mellom Austrheim og våre nabokommunar Gulen og Fedje.

Eg håper du vil stemme Høgre. Godt val!

Morten Sognnes

Ordførarkandidat



Foto: Knut Torkilsen Horvei

Innhald

Sunn kommuneøkonomi og styrka lokaldemokrati

Side 2

Berekraftig verdiskaping, miljø og infrastruktur

Side 3

Arbeidsplassar og næringsliv

Side 4

Kompetanse for framtida

Side 5-6

Tryg omsorg, helse og oppvekst

Side 7-8

Kultur og fritid

Side 9-10

Våre kandidatar

Side 11

1 Sunn kommuneøkonomi og styrka lokaldemokrati

Ved å føre ein forsvarleg økonomisk politikk og ei god og fornuftig ressursutnytting vil ein få meir ut av kvar krone. Det er gjennom framtidretta og bærekraftige prioriteringar at kommunen kan få betre råderett over eigen økonomi for at innbyggjarane skal få eit best mogleg tilbod. Ved at vedtak blir fatta på lågast mogleg nivå, blir samfunnet bygd nedanfrå. Avgjerdene for kva som er best for Austrheim skal bli tatt så nært den enkelte og familien som mogleg. Mennesket er målet for politikken og det er innbyggjarane i Austrheim som best kjenner behova til kommunen.

Til tross for at Austrheim er ein liten kommune så er det framleis mange pålagte oppgåver som kommunen må gjere. For å sikre at dei som har behov for tenester som barnevern, psykolog eller liknande skal møte fagpersonar som kan hjelpe dei, treng kommunen å samarbeide med andre kommunar.

Austrheim Høgre vil:

- Arbeide for å drifte kommunen smart og effektivt.
- Ikkje innføre eigedomsskatt på hus og hytte.
- Trygge framtidig økonomi ved fortsett avsetning av overskotsmidlar til fond.
- Ha faglege samarbeid med andre kommunar der kommunen ikkje kan tilby bra nok tenester aleine.
- Sikre gode og framtidretta vedlikehaldsplanar for kommunal eigedom, vegar og anna infrastruktur samt prioritert finansiering.
- Ferdigstilla påbegynte prosjekt.
- Bygge ned byråkratiet gjennom digitalisering og lette tilgangen til kommunale tenester gjennom gode digitale kommunikasjons- og sjølvbetjeningsløysingar.
- Sørge for oppfølging av kommunale vedtak.
- Sikre at folkevalde i kommunen får nødvendig og godt fagleg gjennomarbeida saksopplysingar frå administrasjonen i førekant av møter, og jamleg framlagt tilstands- og økonomirapporter.
- Jobbe framtidretta for å få nye innbyggjarar og auke sysselsetting/ arbeidsplassar.
- Vurdere innføring av utvalsmodellen i fullskala, basert på erfaringar med levekårsutvalet.


2 Berekraftig verdiskaping, miljø og infrastruktur

Vår generasjon skal løyse utfordringane knytt til menneskeskapte klimaendringar slik at vi ikkje overlet dette til komande generasjonar. Høgre er eit miljøparti og miljø vil alltid være ei viktig sak for oss.

Det er avgjerande at innsatsen vert sett inn der den gir størst effekt for miljøet.

Austrheim Høgre vil:

- At arbeidet med oppgradering av vass og avløp heldt fram i heile kommunen.
- Arbeide for å modernisere/forbedre kommunale utslippsanlegg slik at avrenning til naturen frå desse anlegga blir så rein som mulig.
- Arbeide politisk for å få opp kvikksølvet i ubåten U-864 ved Fedje.
- Støtte arbeidet med å fjerne plast i strandsona. Kommunen må aktivt vere ein pådrivar for å halde strendene reine.
- Styrke oljevernberedskapan.
- At næringsverksemd tar omsyn til lokalmiljøet og artsmangfaldet. Høgre ønsker at bruken av næringsarealet ikkje skal regulerast til verksemd som skaper store permanente sår i naturen og bevare lynchheiane så dei ikkje gror att.
- Støtte Technology Centre Mongstad - TCM.
- At alle kommunale maskiner og køyretøy blir bytta ut til mest mogleg energieffektivt utstyr til sitt bruk.
- Arbeide for energieffektivisering av kommunale bygg.
- Arbeide for tryggare skuleveg og gang og sykkelveg gjennom kommunen.



3 Næringsliv, arbeidsplassar og bustad

Gode og langsiktige rammevilkår for næringslivet er særskilt viktig for å trygge arbeidsplassane og for å skape ny aktivitet i Austrheim. Austrheim kommune skal vere ein «ja-kommune». Kommunen må bli attraktiv og føretrekt for næringslivet og leggja tilhøva best mogleg til rette for nyetableringar og tilflytting.

Austrheim Høgre vil:

- Støtte gründarar og initiativtakarar for å stimulere til næringsvekst i kommunen gjennom verkemidlar som næringsplanar, ledige næringsareal og lokalt næringsfond.
- Fortsatt arbeide for at kommunal sakshandsaming skal vere positiv og brukarvenleg.
- Legge til rette for god infrastruktur.
- Støtte tiltak som stimulerer til vekst.
- Bruke lokale næringsutviklingsselskap som har etablerarkompetanse for den som vil starte opp eiga verksemd.
- Legge til rette for vidareutvikling og vekst av industriområdet på Mongstad.
- Få etablert tenestebasert næring og reiseliv.
- Verne om drivverdige jordbruks- og beiteareal slik at dei ikkje blir brukt til anna verksemd



4 Kompetanse for framtida

Høgre vil legge til rette for læring gjennom heile livet. Det er born og ungdom som er vår viktigaste framtidsressurs. Difor må vi gi dei best mogleg oppvekstvilkår gjennom tidleg innsats, god fagleg kvalitet, skule-heim samarbeid, tiltak som fremmar lærelyst og trygge omgjevnader. Vi skal arbeide for læring frå ung alder og ein fagleg sterk skule som rustar unge for framtidige samfunnsutfordringar. Barnehagen er sjølve grunnlaget for vidare læring. Den er ein viktig arena for språkleg utvikling, og for integrering og sosial utvikling.

Austrheim Høgre vil:

- At barnehagane skal ha skikkelege og eigna lokale for brukare og tilsette.
- Arbeide for eit fortsett godt læringsmiljø for ungdomsskuleelevane no når heile ungdomstrinnet er samla på Årås.
- Vedlikehalde symjebassenget på Kaland og aktivt bruke det i symjeundervisning. Det må være varmt vatn i bassenget slik at alle born får den symjeundervisninga dei har krav på.



- Sikre ein trygg og god overgang mellom barnehagen og barneskulen, samt barneskulen og ungdomsskulen.
- Sikre at det finst kompetanse i barnehagane og på skulane som tar tak i mobbepblem og gir tett oppfølging av elevar som står i fare for å droppe ut av skulen.
- Støtte kunnskapsløft innan digitalisering.
- Styrke etter- og vidareutdanning av lærarar og førskulelærarar og sikre lovpålagd spesialkompetansen i barnehage og skule.
- Oppmode kommunalt tilsette til å ta fagbrev.
- Styrke samarbeidet mellom det lokale næringslivet og skulane og støtte samarbeidet mellom ungdomsskulen og den vidaregåande skulen.
- Jobbe for å oppretthalde og vidareutvikle den vidaregåande skulen i Austrheim kommune, lokalisert i Mastrevik. Her ligg skulen som eit naturleg knutepunkt i Vestland fylke, og nært idrettsanlegg og bibliotek i kommunen. Skulen er både viktig for rekruttering til næringslivet i regionen og for elevane som får bu heime under utdanninga.
- Jobbe for å opprette fleire kommunale lære plassar. Dette er eit nødvendig grep for å sikre framtidig rekruttering til kommunen.
- Vere støttespiller for lære plassgarantien i Nordhordland.
- Støtte språkopplæring og arbeidsretta oppfølging av unge og vaksne innvandrarar som eit av dei viktigaste integreringstiltaka.
- At kommunen ikkje tek inn fleire flyktningar enn det kommunen klarer å integrere




5 Trygg omsorg, helse og oppvekst


Helsesektoren er eit av kommunen sine viktigaste tenesteområde og reint budsjett messig utgjer den 35-40%. Andelen eldre kjem etterkvart til å auka framover og dette vil stille enda større krav til kommunal innsats. Førebyggjande tiltak for god helse og trivsel, tilrettelegging for ein aktiv alderdom, gode tilpassa tenester for alle pleie- og omsorgstrengane samt bruk av helseteknologi er viktige innsatsfaktorar for at alle som treng det i ulike livsfaser skal få eit betre og verdig liv.

Austrheim Høgre vil:

- At Austrheim skal vere ein trygg og triveleg plass å bu for alle.
- At eldre skal kunne leve heime gjennom brukarstyrt assistanse for å gje auka sjølvstende og moglegheiter heile livet.
- Sikre at kommunen har nok tilsette i helsetenesta med tilstrekkeleg kompetanse.
- Ha ein god sjukeheim/helsetun som kan møte framtidige behov.
- Ta i bruk ny omsorgsteknologi for å møte eldrebølga på ein god og framtidsretta måte.
- Få gjennomført planane om bygging av eldrebustader på Kaland.
- Støtte opp om drifta av eldrebustader i kommunen.



- Sikre at barn og familiar som treng det får trygg og kompetent hjelp frå barnevernet så tidleg som mogleg.
- Arbeide for at helsestasjonen skal gi eit godt tilbod til småbarnsfamiliar og ungdom.
- Styrke skulehelsetenesta.
- Etablere program for rusførebygging i grunnskulen som inkluderer born og føresette. Det er viktig for Høgre at kommunen har eit godt tilbod innan rus og psykiatri.
- Støtte arbeidet med tilrettelagte arbeidsplassar.
- Legge vekt på universell utforming i samfunnsutviklinga for å sikre tilgjenge for alle.



6 Kultur og fritid

Deltaking i frivillige organisasjonar bidrar til tryggleik og gode opplevingar både for unge og eldre. Eit levande og rikt kulturliv er viktig for livskvalitet, læring og helse og meningsfull fritid. Mangfaldet i kulturlivet er med på å gjere Austrheim til ein meir attraktiv stad å bu i. Gode tilrettelagte bustadmiljø er også med på å auka trivselen for innbyggjarane.

Mange eldre og pensjonistar i kommunen er ein verdfull ressurs som også gjer ein stor innsats både gjennom dugnadsarbeid og i organisasjonslivet. Dette er positiv fritid som motverkar einsemd og styrker fellesskapet.

Austrheim Høgre vil:

- Ha attraktive bustadområde og tilrettelagde aktivitets område i heile kommunen.
- Jobbe for og støtte opp om eit samarbeid for å få etablert eit nytt symjeanlegg i Mongstad-området. Det er tidlegare utarbeidd modell for samarbeid med Mongstad-raffineriet for å nytte varmt vatn til oppvarminga. Eit slikt samarbeid er ein føresetnad for å få realisert bassenget.



- Prioritere støtte til lag og organisasjonar som arbeider for born og ungdom.
- Støtte opp under og styrke fritidstilbod for alle målgrupper i kommunen.
- Ha fleire fritidsaktivitetar som appellerer til personar over 18 år.
- Legge til rette for at eldre kan vere aktive samfunnsborgarar og oppretthalde og vidareutvikle Seniorsenteret.
- Bidra til at alle har gode møteplassar i kommunen.
- Jobbe for økt bruk av Austrheimhallen og evt andre kommunale idretts- og kulturanlegg.
- Legge til rette for fysisk aktivitet for innbyggjarane ute i naturen, ved og på sjøen og i idrettsanlegg uansett alder og behov.
- Arbeide for at fleire innbyggjarar får tilgang til sjø med båtplassar og naust.
- Støtte haldningsskapande arrangement m.m. som gjeld trafikk, ungdom og fart.
- Ta vare på Austrheim kyrkje som ein viktig kulturarv.



Vardetangen Torskeberget

På dei kvite berga på austsida av Årvika vart det tenkt fisk. (Delar av berget er overgrodd nå). Mikkelvis, som var siste gjennlevende av dei 11 språka som valla opp på Torvneset, fortalde i 2011 på høringsplassen sin når ho var 104 år: «Klar tenkte det tenkt og bratte angone til å hjelpe til. Det var me gode å ha. Det kom store båtar med fisk som skulle tørkast. Me tjente pengep og det var det me gjekk for. Me måtte sitte fiskane oppover berget og legge dei rett slik at det vart plass til mange».

Det var mykje arbeid med å tørke fisken. Om kvelden vart fisken samla i ein stabel. Sporen på fisken vart lagt inn mot senter i stabelen, «fisketur»-laget over. Det var ein partiply-likende dekk som var laga av trebark, som ein åstekar.

Fisken vart samla i ein stabel og derfra over for å hindre at fisken vaska seg i sjøen. Dette måtte dei gjere før regnet kom. Om dagen blei uret uret eit, vart fisken lagt på for tørking.

Den neste fiske år til Luftten. Ved Austrheim måtte dei bli berget for å ta ein best prøvning. For den neste vinteren. Det blei «Korngren» (jorntest) fremme i laugren med vatn og kvering.

Den siste år ved berget og sette karren mot Sørnes Lufthavn.

Luften kjegge den tørk som dei fisker og kalla korngren på berget. Det låg der under Luftten fisk og brenn høvud med påkanten, med fisk som skulle stast tilslappet. Tring trandestor brennenger i tørke fisken på.

Ein av dei store bilane som Mikkelvis revent kan ha vore vabarna. Særsne til luge bilarna, Mikkel Lars, Sævsen og Erik (Eg) kalla.

Spørsmål? Her ved berget er det mange spørsmål. Her er det mange spørsmål.

Tegnforklaring

- Her står du no
- Turrute
- Turrute - universell utforming
- Parkering
- Parkering handikap
- Sesongbåt kai
- Badevik
- HORDALAND FYLKESKOMMUNE
- FORNYS BYDELAG
- Gjensidige Stiftelsen

10

Foto: Knut Torkilsen Horvei

Våre kandidatar



Ordførarkandidat
Morten Håkon Sognnes



2. kandidat
Hege Ramsland



3. kandidat
Aslak Andre Bakke



4. kandidat
Dag Arne Solberg




5. kandidat
Evelyn Risnes Bjørnebekk



6. kandidat
Oskar Nordgard




7. kandidat
Siv Inga Brekke




8. kandidat
Odd-Marthin Totland




9. kandidat
Stig Andre Totland



10. kandidat
Kristoffer Myklebusthaug



11. kandidat
Casper Emil Ramsland



12. kandidat
Jan Roald Foss



13. kandidat
Tor Slettbakk



14. kandidat
Magnus Kvingedal



Alle foto: Knut Torkilsen Horvei